



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200304502
Arkivnr. 700
Sakshandsamar Mathisen, Gudrun

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	13.11.03	6/03
Fylkesutvalet	19.11.03	282/03

NOU 2003:14 BETRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA. FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 13.11.03

Berit W Eldøy sette på vegne av Frp, H, Krf og P fram slikt forslag til eit tilleggspunkt som vert sett inn som nr. 4 i rådmannen sitt forslag:

"§ 1-13: Fylkesutvalet gjer framlegg om at i kommunar som har fastsett funksjonell strandsone, kan denne erstatte 100-metersbeltet."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke.
Berit W Eldøy sitt forslag til tilleggspunkt vart vedteke mot 4 røyster (A, V)

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet i Hordaland stør forslag til modernisering av plan- og bygningslova. Framlegget vil fremje forenkling, effektivitet og fleksibilitet, styrkje den politiske styringa av planlegginga og gi betre kommunale og regionale planar.
2. Fylkesutvalet går inn for at lovforslaget må handsamast under eitt. Regjeringa må snarast få fram ein odelstingsproposisjon om ny plandel til plan- og bygningslova for rask iverksetjing.
3. §1-9 Konsekvensutgreiing av planar med vesentlege verknader. Fylkesutvalet meiner at forslag om å integrere konsekvensutgreiingar i planprosessen vil vere ei stor forenkling, og stør forslaget.
4. § 1-13: Fylkesutvalet gjer framlegg om at i kommunar som har fastsett funksjonell strandsone, kan denne erstatte 100-metersbeltet
5. §1-14. Motsegn og mekling. Fylkesutvalet stør mindretalsforslag om at ei fagstyresmakt som er varsla, men ikkje har ønskt å delta i planprosessen, mister motsegnretten.

6. §10-4 Forslag til kommuneplan. Fylkesutvalet rår til at frist for å gi fråsegn til kommuneplan ikkje vert kortare enn 8 veker, av omsyn til høyringsinstansar som skal handsame fråsegna i politisk utval.
7. § 14-2. Kystsoneplan. Fylkesutvalet går inn for at kommunen i særskilte høve må kunne krevje at enkeltlokalitetar for oppdrett vert fastsett gjennom område- eller detaljplan.
8. Kap. 15 Samordnet vannplanlegging, § 15-4 Organisering av planarbeidet. Fylkesutvalet går inn for at det må vera lokal og regional folkevalt styring med slik planlegging og vedtak om vannbruk for å sikre ei heilskapleg forvaltning av vannressursane.

Fylkesutvalet **19.11.03**

Røysting

Innstillinga pkt. 1-3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt. 4 vart vedteken mot 6 røyster (A, SV, V).

Innstillinga pkt. 5-8 vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland stør forslag til modernisering av plan- og bygningslova. Framlegget vil fremje forenkling, effektivitet og fleksibilitet, styrkje den politiske styringa av planlegginga og gi betre kommunale og regionale planar.
2. Fylkesutvalet går inn for at lovforslaget må handsamast under eitt. Regjeringa må snarast få fram ein odelstingsproposisjon om ny plandel til plan- og bygningslova for rask iverksetjing.
3. §1-9 Konsekvensutgreiing av planar med vesentlege verknader. Fylkesutvalet meiner at forslag om å integrere konsekvensutgreiingar i planprosessen vil vere ei stor forenkling, og stør forslaget.
4. § 1-13: Fylkesutvalet gjer framlegg om at i kommunar som har fastsett funksjonell strandsone, kan denne erstatte 100-metersbeltet
5. §1-14. Motsegn og mekling. Fylkesutvalet stør mindretalsforslag om at ei fagstyresmakt som er varsla, men ikkje har ønskt å delta i planprosessen, mister motsegnretten.
6. §10-4 Forslag til kommuneplan. Fylkesutvalet rår til at frist for å gi fråsegn til kommuneplan ikkje vert kortare enn 8 veker, av omsyn til høyringsinstansar som skal handsame fråsegna i politisk utval.
7. § 14-2. Kystsoneplan. Fylkesutvalet går inn for at kommunen i særskilte høve må kunne krevje at enkeltlokalitetar for oppdrett vert fastsett gjennom område- eller detaljplan.
8. Kap. 15 Samordnet vannplanlegging, § 15-4 Organisering av planarbeidet. Fylkesutvalet går inn for at det må vera lokal og regional folkevalt styring med slik planlegging og vedtak om vassbruk for å sikre ei heilskapleg forvaltning av vassressursane.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. november 2003

FYLKEGRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200304502-5
Arkivnr. 700
Saksh. Gudrun Mathisen, Torild Hage, Anne-Gro Ullaland, Gerd Bolstad, Jomar Ragnhildstveit, Siri Hanson

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	13.11.03
Fylkesutvalet	19.11.03

NOU 2003:14 BETRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA. FRÅSEGN

SAMANDRAG

NOU 2003:14 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven (PBL) er på høyring med frist 1.12.2003. Planlovutvalet vil styrkje planlova som reiskap for sektorovergripande samfunnsplanlegging i fylke og kommunar og meiner det er nødvendig å modernisere dagens lov, slik at den også fremjer forenkling, effektivitet og fleksibilitet. Hordaland fylkeskommune stør dette og meiner lovframlegget er heilskapleg, gjennomarbeidd og relevant for dei planutfordringane kommunar og fylkeskommunar står overfor. Fylkeskommunen er positiv til hovudgrepa i framlegget, som vil styrkje den politiske styringa av planlegginga og gi betre kommunale og regionale planar. Det er viktig at lovframlegget no vert handsama under eitt, og at det ikkje går lang tid før ny plandel til plan- og bygningslova ligg føre.


FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet i Hordaland stør forslag til modernisering av plan- og bygningslova. Framlegget vil fremje forenkling, effektivitet og fleksibilitet, styrkje den politiske styringa av planlegginga og gi betre kommunale og regionale planar.
2. Fylkesutvalet går inn for at lovforslaget må handsamast under eitt. Regjeringa må snarast få fram ein odelstingsproposisjon om ny plandel til plan- og bygningslova for rask iverksetjing.
3. §1-9 Konsekvensutgreiing av planar med vesentlege verknader. Fylkesutvalet meiner at forslag om å integrere konsekvensutgreiingar i planprosessen vil vere ei stor forenkling, og stør forslaget.
4. §1-14. Motsegn og mekling. Fylkesutvalet stør mindretalsforslag om at ei fagstyresmakt som er varsla, men ikkje har ønskt å delta i planprosessen, mister motsegnretten.
5. §10-4 Forslag til kommuneplan. Fylkesutvalet rår til at frist for å gi fråsegn til kommuneplan ikkje vert kortare enn 8 veker, av omsyn til høyringsinstansar som skal handsame fråsegna i politisk utval.
6. § 14-2. Kystsoneplan. Fylkesutvalet går inn for at kommunen i særskilte høve må kunne krevje at enkeltlokalitetar for oppdrett vert fastsett gjennom område- eller detaljplan.

7. Kap. 15 Samordnet vannplanlegging, § 15-4 Organsiering av planarbeidet. Fylkesutvalet går inn for at det må vera lokal og regional folkevalt styring med slik planlegging og vedtak om vannbruk for å sikre ei heilskapleg forvaltning av vannressursane.



Paul M. Nilsen



Jan Per Støve

Vedlegg:

Uprenta: NOU 2003:14 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven

Sjå: <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/utredninger/nou/022001-020008/index-inn001-b-n-a.html>

FYLKESRÅDMANNEN, 20. oktober 2003:

Miljøverndepartementet har sendt NOU 2003:14 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven (PBL) på høyring med frist 1. desember 2003. Planlovutvalet vart oppretta ved Kgl. res. oktober 1998 med mandat å vurdere om planleggingsføresegnene i PBL og tilgrensa lover bør endrast, for å ivareta dagens og morgondagens viktige samfunnsinteresser gjennom planlegginga. Utvalet la fram første delutgreiing jan. 2001. Sjå FUV-sak 213/01.

Generelle merknader

Politisk styring og medverknad

Fylkesrådmannen ser framlegget som ein god reiskap for langsiktig og politisk styrt samfunnsutvikling og er tilfreds med understrekninga av at planlegging skal styrast av folkevalde organ. Eg stør forslaga som styrkjer politisk deltaking og styring i planlegginga på lokalt og regionalt nivå. Forslaget om kommunal og regional planstrategi vil gi større politisk eigarskap til planar og planlegging, større politisk deltaking og betre politisk forankring tidleg i planprosessen. Det er positivt at det leggjast opp til styrking av planlova som reiskap for sektorovergripande samfunnsplanlegging i kommunar og fylkeskommunar, for ivareta og avvege kommunale, regionale og sentrale omsyn.

Heilskapstenking og sektorsamordning

Forslaget vil medverke til effektivisering, meir føreseieleg forvaltning og samordne planlegginga i høve til sektorlovgiving og sektorinteresser. Dette vil vere ein stor føremon for innbyggjarar og brukarar.

Forslaget er enklare og meir oversiktleg enn dagens lovverk, med fleksibel bruk av planverktøyet etter behov. Døme er bortfall av kravet om revisjon av fylkesplanen kvart 4. år. Dette er positivt.

Det er bra at plan og bruk av verkemidlar vert tettare kopla, gjennom handlingsprogram til overordna planar. Det kan forplikte alle partar i større grad. Organet som har ansvar for planlegging og gjennomføring må også ha nødvendige verkemidlar til rådvelde for å kunne gjennomføre de vedtatte planane.

Vidare handsaming av lovforslaget

Enkelte delar av lovforslaget er sendt på høyring tidlegare. Grunngevinga er m.a. Noreg er forplikta gjennom EØS-avtalen til å gjennomføre visse føresegner. Dette gjeld til dømes konsekvensutgreiingar. Fylkesrådmannen meiner at det er viktig for heilskapen i lovforslaget at det vert handsama under eitt. Regjeringa må få fram ein Odelstingsproposisjon om ny plandel av PBL, med sikte på rask iverksetting.

Regional planlegging

Eit av hovudgrepa er at regional planlegging må ha nytteverdi og gjerast av den aktøren som er føremålstenleg. Fylkesplan eller interkommunale planar kan utarbeidast etter behov, noko som ivaretar nødvendig fleksibilitet. Kommunane vil få større innflyting på den regionale planlegginga; det vil medverke til betre samanheng mellom kommunale og regionale planar.

Utvalget tar ikkje standpunkt til oppgåvefordeling, fylkesinndeling eller valordning, og legg til grunn at landet har ein regional struktur som gjer det mogleg å drive god sektorovergripande regional planlegging under folkevalt styring.

Samhandling nasjonalt og regionalt politisk nivå

Politiske vedtak av stor rolle for anna regional planlegging må kunne løftast opp, drøftast og avgjerast etter politisk dialog mellom fylkesting og Regjering/Storting. Eit slikt system vil kunne forbetre og effektivisere planprosessen.

Plan = kontrakt

Gjennomføring av lovforslaget vil styrkje og operasjonalisere planlegginga. Planen kan fungere som ein kontrakt mellom partane fordi dei det gjeld har medverka i utarbeidinga av planen. Dette krev at staten sentralt og regionale statlege styresmakter forpliktar seg. Regionale statsetatar må få føringar og

fridom til å delta i kommunal og regional planlegging og forplikte etaten i oppfølging av vedtatt plan og med bruk av egne verkemidler. Bruk av verkemidler må knytast til plan og handlingsprogram.

Vedtatte regionale planar (fylkesplan) må også leggje premisser for og gi føringar for vidare nasjonal planlegging.

Del I Innledende bestemmelser

§1-4 Verdier og retningslinjer for planlegging etter loven

Følgjande verdier skal leggjast til grunn:

- Berekraftig utvikling
- Vera demokratisk og styrt av folkevalte organ
- Fremje heilskap og sikre samordning og samarbeid
- Vera målretta og ikkje mer omfattande enn nødvendig
- Ivareta og avvege både kommunale, regionale, nasjonale og internasjonale omsyn og interesser
- Planlegginga skal om mogleg løysast på det lågaste nivået som er føremålstenleg
- Vera forpliktande og føreseieleg.

Fylkesrådmannen meiner dette er eit godt verdisett som grunnlag for planlegging på alle nivå.

§1-8. Planbeskrivelse og planprogram

Forslaget lyder:

”Alle forslag til planer etter loven skal beskrive planens formål, hovudinnhold og følger, samt forhold til andre planer som gjelder for området.

For fylkesplan, fylkesdelplan og kommuneplan, samt for områdeplan og detaljplan som kan ha vesentlige virkninger for miljø, naturressurser eller samfunn, skal det utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn.”

Fylkesrådmannen meiner forslaget er positivt. Føremonen er at det tidleg skal avklarast kven planen får følgjer for, og medverknad i planprosessen vert tryggja. Dette gjer det lettare å løyse konfliktrar i planprosessen og fører til større effektivitet og raskare handsaming av detaljplanar og byggesaker.

§1-9. Konsekvensutredning av planer med vesentlige virkninger

Forslaget:

”For fylkesdelplan for arealbruk og kommuneplanens arealdel, samt for områdeplan og detaljplan som kan ha vesentlige virkninger for miljø, naturressurser eller samfunn, skal planbeskrivelsen inneholde en særskilt redegjørelse for planens konsekvenser (konsekvensutredning), herunder av aktuelle alternativer.

Konsekvensutredningen skal utarbeides på grunnlag av planprogrammet og følge planforslaget når dette sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn.

Planvedtaket med begrunnelse skal offentliggjøres. I begrunnelsen skal det framgå hvordan virkningene av planen og innkomne uttalelser har vært vurdert, og hvilken betydning de er tillagt ved vedtaket. Det skal også framgå hvilke krav om oppfølgende undersøkelser og vilkår som er knyttet til gjennomføringen av planen. (---) m.m.”

Paragrafen er sendt på høyring tidlegare. Den er tatt opp fordi Noreg har forplikta seg gjennom EØS-avtalen å innlemme EU-direktiv om vurdering av visse planar og føresegner i norsk lovgiving. Konsekvensutgreiing skal utarbeidast på grunnlag av planprogrammet. Innhald, omfang og detaljeringsgrad må tilpassast den enkelte plantypen og behov for avklaring.

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at konsekvensutgreiingar vert innarbeidd som ein integrert del av planprosessen og at behovet kjem fram i planprogrammet. Forslaget vil innebere ei stor forenkling i høve til dagens praksis.

§1-11. Rettsvirkning av planer

Forslaget er ei vesentleg skjerping og inneber at ein vedtatt plan etter PBL skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning i planområdet og vedtak om verksemd, utbygging og vern. Dette

gjeld også for vedtak etter anna lovverk. Eit mindretal i lovutvalet føreslår at det ikkje skal gjelde konsesjonshandsaming etter vassdragsreguleringslova, vassressurslova og energilova. Dette er viktige spørsmål som må vurderast i plansammenheng. Fylkesrådmannen stør fleirtalsforslaget.

§1-13. Forbud mot bygging m.v. i 100-metersbeltet langs sjøen

Byggjeforbodet vert gjeldande om ikkje anna er fastsett i områdeplan eller detaljplan. Det gir ein viss fleksibilitet i høve til ulike føresetnader og behov for differensiert forvaltning av strandsona.

§1-14 Innsigelse og mekling

Forslaget:

"--statlig og fylkeskommunal myndighet kan fremme innsigelse mot forslag til arealdel av kommuneplan, områdeplan og detaljplan i spørsmål av nasjonal eller regional betydning, eller (---) av vesentlig betydning for vedkommende myndighets saksområde.

(---)

Kommune, annen fylkeskommune og statlig myndighet kan på samme vilkår fremme innsigelse mot forslag til regional planstrategi.

(---)

Innsigelse kan alltid fremmes hvis planforslaget er i strid med bestemmelser i loven, statlig planretningslinje, statlig planbestemmelse, eller overordnet plan.

Det kan ikke fremmes ny innsigelse mot forhold som tidligere har vært gjenstand for innsigelse og blitt avgjort etter reglene her.

Innsigelse skal fremmes så tidlig som mulig og senest innen den frist som er fastsatt for høringen av planforslaget. Innsigelse skal begrunnes.

Finner kommunen eller fylkeskommunen ikke å kunne ta hensyn til innsigelsen, skal det foretas mekling mellom partene. Dersom enighet ikke oppnås, treffer kommunen planvedtak og sender planen og innsigelsen, med meklerens tilråding, til departementet. Departementet avgjør om innsigelsen skal tas til følge og planen endres.

Kongen treffer vedtak om hvem som skal være mekler.

Et mindretall (Christoffersen, Nevøy, Saglie, Slettebø og Østerås) foreslår i tillegg at følgende tas inn som nytt åttende ledd:

Retten til å fremme innsigelse bortfaller dersom kravet til deltakelse i planprosessen etter § 1-6 femte ledd ikke er oppfylt, forutsatt at planmyndigheten har oppfylt varslingsplikten etter vedkommende planbestemmelse.

Forslaget vil føre til meir pålitelege føresetnader for kommunal arealplanlegging og meir effektiv detaljplanlegging ved at omkamper vert unngått.

Fylkesrådmannen stør forslaget. Det vil redusere behovet for motsegner ved at moglege konflikhtar vert oppdaga og kan løysast tidleg i planprosessen.

Tersklar for motsegn

Motsegn kan fremjast i spørsmål av nasjonal og regional interesse. Avklaring av kva det er, gjerast av vedkomande styresmakt. Motsegn skal grunngevast konkret i kvar enkelt sak, ikkje i generelle vendingar.

Staten har gitt signal om at det er ønskeleg å gi større fridom til kommunane. Då må det lokale folkestyret få større innverknad på fastsetjinga av kva som er regionale interesser. For at dette skal fungere må sentralt statleg nivå gi større fullmakter til regionale styresmakter også.

Meklingsmynde

Innstillinga har ikkje forslag om meklingsmynde. To prinsipp kan leggjast til grunn for val:

- Meklinga kan leggjast til den regionale instansen som ikkje har motsegn.
- Meklingsinstans avheng av type konflikt. Avveging mellom interesser er politisk og leggjast til fylkeskommunen, mens konflikhtar av formell art eller rettstryggleiksspørsmål leggjast til fylkesmannen.

Dei fleste motsegner gjeld avveging mellom interesser og er av politisk art. I dei fleste høve er det mest aktuelt å leggja denne funksjonen til fylkeskommunen.

Mindretallsinnstillinga.

Mindretallet sitt forslag inneber at ei fagstyremakt som er varsla, men ikkje har ønskt å delta i planprosessen, mister motsegnretten. Det er særleg viktig at dei instansane som planen vedkjem, medverkar i det forpliktande planarbeidet. Det må få følgjer å ikkje nytte høvet til å delta.

Fylkesrådmannen vil her stø mindretallet si vurdering. Det bør ikke vera mogleg å unndra seg samhandlingsplikten undervegs, og samstundes ha motsegnrett.

Kap 2 Plan- og bygningsmyndighetene

§2-5. Regionalt planforum

Forslaget:

”I hvert fylke bør det være et regionalt planforum. I planforumet skal statlige, fylkeskommunale og kommunale interesser i forbindelse med den regionale planleggingsvirksomheten og arbeidet med regionale og kommunale planer klarlegges og søkes samordnet.

Fylkeskommunen oppretter regionalt planforum etter samråd med fylkesmannen. Faste medlemmer av planforumet er representanter for fylkesmannen og fylkeskommunen. Forøvrig skal statlige og fylkeskommunale myndigheter og kommuner som er berørt av den aktuelle sak, delta. Andre representanter for berørte interesser kan inviteres til å delta i planforumets møter.

Fylkeskommunen har ansvar for planforumets ledelse og sekretariat.”

Fylkesrådmannen er positiv til forslaget, og at fylkeskommunen skal ha leiinga av det. Dette har vore praktisert i Hordaland i mange år.

Del II Nasjonale hensyn og oppgaver i planleggingen

§4-1. Samordnet nasjonal politikk for regional og kommunal planlegging

Forslaget:

”Kongen skal hvert fjerde år, etter samråd med fylkeskommunene og kommunene, utarbeide en samordnet nasjonal politikk for regional og kommunal planlegging, som skal legges til grunn for eller innpasses i planleggingen etter denne lov, og legges til grunn for statens oppfølging.”

Det som har svikta mest i regional planlegging etter noverande lovverk er at staten ikkje har fulgt opp fylkesplanlegginga. Dette blir derfor eit sentralt element for å lukkast i samhandlinga mellom nivåa og få til ei felles gjennomføring av planane.

Det må etablerast arenaer for tidleg politisk samhandling og avklaring mellom regionalt og nasjonalt politisk nivå. Avklaring kan ikkje vente til regjeringa si godkjenning av fylkesplanen. Innspel og synspunkt frå lokalt og regionalt nivå må ivaretakas når Regjeringa skal utforme nasjonal politikk.

§4-2. Statlege planretningslinjer

Dette er i stor grad lik dei gamle rikspolitiske retningslinjene og bør ikkje nyttast i for stor grad. Det er ikkje tilrådeleg at staten utarbeidar generelle pålegg som skal gjelde for heile landet, men det kan vera behov for ein del geografisk avgrensa retningslinjer. Det vil vera behov for overgangsordningar.

Del III Regional planlegging

Kap. 5 Hovedtrekk og regional planstrategi

§5-3. Regional planstrategi

Utvalet føreslår at fylkeskommunen i kvar valperiode, seinast 1 år etter konstituering av fylkestinget, skal utarbeide ein regional planstrategi i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar m.fl. Planstrategien skal gjere greie for utviklingstrekk og utfordringar, resultat av tidlegare planar, kva som trengs av vidare regional planlegging, og korleis det skal gjerast. Planstrategien skal på full høyring. Planstrategien kan erstatte fylkesplanen.

Hordaland fylkeskommune stø forslaget. Det er eit godt grep, ikkje minst fordi det skal utarbeidast parallelt i tid på regionalt og kommunalt nivå, og delar av arbeidet kan gjerast i fellesskap. Det føreset at regionalt statleg nivå har nødvendige fullmakter til å delta. Den geografiske organiseringa av regionale statsetatar er ikkje samordna, og det kompliserer samhandlinga i kvart enkelt fylke.

Kap. 6 Planlegging på fylkesnivå

§6-1 . Fylkeskommunens planoppgaver

Fylkestinget kan, når partnerskapet er enige om det, sjølv avgjere kva slags planar som trengst og omfanget av dei. Dette er positivt.

§6-2 Innhold i fylkesplanen

Forslaget:

”En fylkesplan bør inneholde:

- a. Beskrivelse av de regionale planutfordringene med en vurdering av alternative strategiske valg.
- b. Prioriterte innsatsområder med mål og retningslinjer. Til hvert innsatsområde bør det gis en vurdering av ressursbehov og behov for statlige myndigheters medvirkning, og pekes ut ansvarlig organ og samarbeidspartnere for gjennomføring.
- c. Retningslinjer for arealbruk i planområdet.
- d. Vurdering av forholdet til nasjonal politikk for regional planlegging og behov for statlig medvirkning til gjennomføring av planen.
- e. Vurdering av vesentlige konsekvenser av planen for samfunn, naturressurser og miljø.
- f. Oversikt over hvilke planer som er gjeldende og hvilke planer som skal utarbeides. ”

Det er positivt at fylkesplanen sitt innhold vert definert. Det tydeleggjer kva ein ventar seg i ein fylkesplan, og gjer den meir føreseieleg.

§6-3 Virkning av fylkesplan og fylkesdelplan

Forslaget:

Fylkesplan og fylkesdelplan skal legges til grunn for fylkeskommunal virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i fylket. For fylkesdelplan for arealbruk med særlig rettsvirkning gjelder også § 6-6.

Dette føreset at staten følgjer opp og tar fylkesplanen ”på alvor”. Bruk av fylkesdelplan for arealbruk vil vera ei effektivisering når kommuneplan er i samsvar med fylkesplan.

§6.6 Fylkesdelplan for arealbruk

Planlovutvalet gjer framlegg om at det kan utarbeidast fylkesdelplan for arealbruk, og at den kan gjerast juridisk bindande ved kongeleg resolusjon.

Det er stort behov for forpliktande kommuneoverskridande arealplanlegging, som bind opp ulike regionale og lokale aktørar og vert innarbeidd i dei kommunale planane. T.d. ved store vegutbyggingar kan ein felles plan på tvers av kommunegrensene vere ei stor effektivisering og forenkling. Forslag om fylkesdelplan for arealbruk vil vera ein god reiskap til bruk når partane er samde om det, og som gjer dette forpliktande for alle aktører.

Fylkesrådmannen stør denne nyvinninga.

§6-7. Regionalt handlingsprogram

Forslaget:

”Regionalt handlingsprogram skal utarbeides for innsatsområdene i fylkesplanen. Handlingsprogrammet skal redegjøre for nødvendige tiltak for å gjennomføre planen, hvem som har ansvar for tiltakene, og for avtaler om hvordan de skal finansieres. Handlingsprogrammet kan også omfatte regionalt utviklingsprogram, og gjennomføring av interkommunale og kommunale planer som varetar regionale oppgaver. Regionalt handlingsprogram skal vedtas av fylkestinget og rulleres årlig.”

Eit forpliktande regionalt handlingsprogram som involverer kommune, fylkeskommune, stat og andre aktørar i partnerskapet, vil kople planlegginga til verkemidlane, og bidreg til at planlegginga vert knytt

til vilkår for gjennomføring. Dersom det regionale handlingsprogrammet skal fungere optimalt, må det forplikte staten langsiktig i gjennomføring av tiltaka.

Ein godkjent fylkesplan må sjåast på som ei ymsesidig politisk forpliktande avtale mellom det regionale partnerskapet og sentrale styremakter. Planen vil vera ei nødvendig felles ramme for oppfølging gjennom fylkesdelplanar og ulike handlingsprogram og i gjennomføringa av tiltak og prosjekt. Dette bør speglast att i lovteksten.

Dersom det ikkje vert laga fylkesplan, må handlingsprogrammet utarbeidast på grunnlag av planstrategien. I så fall må planstrategien vera meir detaljert. Vidare er det aktuelt med samarbeidsavtaler mellom regionalt og sentralt nivå i samband med sentral handsaming. Då må handlingsprogrammet basere seg på fylkesplanen. Det regionale handlingsprogrammet vil dermed bli eit viktig bindeledd mellom alle tre forvaltningsnivåa for gjennomføring av regionale tiltak.

§6-8 Plansamarbeid mellom fylke

Forslaget:

”To eller flere fylkeskommuner kan samarbeide om planlegging etter denne lov når det er ønskelig å samordne planlegging over fylkesgrenser. Samarbeidet kan omfatte regional planstrategi, fylkesplan og fylkesdelplaner.”

Det er behov for meir plansamarbeid og det trengst løysingar på tvers av kommune og fylkesgrenser. Det er i gang mange planaktivitetar, prosjekt og forsøk mellom fylke og på tvers av fylkesgrenser. Landsdelsplanlegging kunne vore meir omtalt i forslaget.

Kap. 7. Interkommunalt plansamarbeid

Forslaget:

§7-1 Innledende bestemmelser

To eller flere kommuner bør samarbeide om planlegging etter denne lov når det er hensiktsmessig å samordne planleggingen over kommunegrenser. Interkommunalt plansamarbeid kan igangsettes som gjennomføring av regional planstrategi, videreføring av fylkesplan, eller etter initiativ av kommunene selv. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantyper.

Fylkeskommunen og statlige myndigheter kan anmode kommunene om å innlede et slikt samarbeid når det anses nødvendig (- - -).

§ 7-4 Overføring til fylkesplanlegging

Et flertall av kommunene kan til enhver tid anmode fylkeskommunen om å ta over planarbeidet som fylkesplanlegging, på grunnlag av det planarbeidet som er utført.

Fylkeskommunen og statlig myndighet kan anmode kommunene om at arbeidet føres videre som fylkesplanlegging når det anses nødvendig for å vareta hensyn og løse oppgaver som går ut over den enkelte kommune. Et flertall av kommunene kan samtykke i dette.

Det er positivt at vi får ein reiskap for utarbeiding av interkommunale planar. Forslaget er ikkje forpliktande nok til at det er eigna for alle typar kommuneoverskridande planoppgåver. Interkommunalt samarbeid er ofte vanskeleg når det er motstridande interesser og fleire kommunestyre skal gjera vedtak. Samarbeid bør gjerast enno meir forpliktande. Staten vert lite forplikta i høve til oppfølging av interkommunale planar.

Del IV Kommunal planlegging

Kap. 8 Hovedtrekk og kommunal planstrategi

Fylkesrådmannen stør forslaget om kommunal planstrategi. Dette svarar til forslaget i §5-3 om regional planstrategi.

Utvalet legg opp til at kommuneplanlegging skal vere for kommunen si samla utvikling og for dei enkelte sektorar og verksemdområde. Dette krev at planstrategi, planprogram og arealstrategi vert tatt på alvor i kvar kommune og at prosessane rundt planlegging er opne og inviterar til deltaking av regionale/ statlege etatar og fylkeskommunen. Ein må og som utvalet peikar på, sikre parallelle løp i kommunane, slik at fagsektorane kan delta i planprosessane i alle kommunane i fylket.

Fylkesrådmannen støt forslaget om nye plantypar, områdeplan og detaljplan og trur dette kan vere eit godt grep med tanke på framtidig planarbeid. Plantypane og dei funksjonane dei vil få, verkar oversiktleg og greie å forstå for utanforståande. Samstundes ansvarleggjerast kommunane med tanke på at dei har "hand" om områdeplanane der ein legg opp til meir heilskapleg planlegging enn det som er tilfelle mhp bruk av reguleringsplanar i dag.

Kap. 9 Kommuneplan

Kommuneplanen skal femne om samfunnsdel, handlingsdel og arealdel.

Det er positivt at kommunestyret ein gang i året skal vedta kommuneplanen sin handlingsdel med eit handlingsprogram for å gjennomføre samfunnsdelen. Å leggje planprogrammet inn som ein del av kommunen sin planstrategi vil vere eit godt grep.

§9-7 Arealformål i arealdelen

Forslaget:

"For hele arealdelens område skal angis formål for eksisterende og framtidig arealbruk. Følgende arealformål kan angis:

(- - -)

3. Areal for landbruks-, reindrifts-, natur- og friluftformål (LRNF), nærmere bestemt:
 - a. Areal der bebyggelse og anlegg ikke er tillatt, med unntak av nødvendige bygninger til landbruk og reindrift, herunder til gårdstilknyttet næringsvirksomhet etter nærmere bestemmelser i planen.
 - b. Areal der spredt bolig-, fritids- eller næringsutbygging m.v. kan tillates gjennom behandling av enkeltvise søknader eller detaljplan."

Det er viktig, slik planlovutvalet gjer, å rydde i LNF-omgrepet, slik at kommunane vil praktisere bruken av den nye arealkategorien LR(reindrift)NF-områda på ein meir einsarta måte enn i dag.

Planlovutvalet føreslår at spreidd utbygging som godkjennast av sektorstyresmaktene, skal vere i tråd med planane og ikkje krevje dispensasjon. Dette vil vere ei god forenkling av planhandsaming både for lokalt og regionalt nivå.

Fylkesrådmannen ser nytten av at ein veljer å ta inn ein arealkategori for omforming og fornying. Dette er viktig med tanke på de planleggingsutfordringar vi står framfor i byar og tettstader.

§9-9 Retningslinjer og bestemningar i arealdelen

At ein i vedtak om arealdelen kan fastsetje mål for miljøkvalitet i heile eller delar av kommunen sine areal, er viktig for å sikre berekraftig utvikling.

§9-10 Lengre binding av delar av kommuneplanen sin arealdel

"Når nasjonale eller viktige regionale eller kommunale hensyn tilsier det, kan Kongen bestemme at nærmere angitte deler av arealdelen ikke skal kunne endres eller oppheves innen en nærmere angitt tidsramme uten etter samtykke av departementet." Ein slik paragraf gjer kommuneplanen til ein reiskap som kan sikre vern av til dømes kulturminne gjennom kommuneplan, noko vi ser på som eit godt tiltak.

Kap. 10 Behandling av kommuneplan.

Frist for uttale til framlagt kommuneplan er sett til minimum 6 veker. Av erfaring er dette svært kort frist for dei høyringsinstansane som skal handsame slike saker i egne politiske råd og utval. Fristen bør vere minimum 8 veker.

Kap. 11 Områdeplan. Kap. 12 Detaljplan

Planprogram og konsekvensutgreiing skal utarbeidast som grunnlag for kommuneplan, og leggjast ut på høyring. Dette er positivt. Data frå sentralt/ regionalt/ lokalt nivå må gjerast tilgjengeleg for kommunal og privat planlegging, slik utvalet trekkjer fram.

Konsekvensutgreiing skal utarbeidast for områdeplanar og detaljplanar med vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn. Dette er positivt. Det trengs retningslinjer for å definera kva som er vesentleg.

Fylkesrådmannen er uviss på om ein bør utelate planprogram for områdeplan som er i samsvar med arealdel til kommuneplan. For større kommunar vil det vere ein nyttig reiskap å gå meir detaljert til verks i ein områdeplan, kommuneplanen vil kunne verte for overordna. Det er mange viktige moment som bør opp i ein områdeplan, som vil vere for detaljerte å ta opp i kommuneplanen. Å utarbeide eit planprogram vil styrkje områdeplanane.

Områdeplan og detaljplan

Det er eit godt grep å innføre områdeplan og detaljplan. I høve til kulturminne er det viktig at detaljplan er ein plan for både bruk og vern og at planar kan fremjast av dei som ønskjer å gå i gang med byggjetiltak eller dei som ønskjer vern.

For begge plantypar gjeld at dei skal utarbeidast av fagkunnige. Det er positivt at dette er tatt med i lova, men vi saknar ein definisjon av "fagkunnige".

Områdeplan §11-1 Bestemmelser

Forslaget tar mellom anna opp estetiske krav, bestemmingar for å sikre verneverdiar i bygningar og andre kulturminnar og kulturmiljø så vel som grenseverdiar for tillatt forureining og andre krav til miljøkvalitet i planområdet samt krav om bestemte energiløysingar.

Dette er positivt.

Detaljplan §12-4 Behandling

"Når arbeidet med detaljplan begynner, skal forslagsstiller, når denne er en annen enn planmyndigheten selv, legge planspørsmålet fram for planmyndigheten og andre berørte myndigheter i møte". Dette er ein positiv måte å leggja eit grunnlag for å følgje opp overordna planar.

Del V. Særlige planleggingsoppgaver

Dei tre planoppgåvene som er omhandla i kap.13 er samordna areal- og transportplanlegging, kystzoneplanlegging og samordna vassplanlegging. Det er positivt med ei slik oversikt, og burde også vore gjort for energi m.v.

Kap.14 Kystzoneplanlegging

Ein viktig oppgåve for utvalet har vore å gjera PBL til eit betre verkemiddel for ei god langsiktig planlegging i kystsona, og leggja til rette for planprosessar som bidreg til nødvendig avklaring og føreseielegheit i høve til dei mange brukarinteressene. Nokon av dei mest sentrale lovene som gjeld bruk og vern av sjø og kyst er: Fiskeoppdrettslova, hamne- og farvatnslova, saltvannsfiskeklova, lov om havbeite, forskrift om tang- og taretråling.

Utvalet fremjer forslag om eit eige kapittel for kystzoneplanlegging. Det inneber ei sterkare samordning mellom sektorlovene og PBL, og planlegging skal kunne skje 1 nautisk mil utafor grunnlina (mot i dag til grunnlina). Dei vanlege krava til arealplanlegging skal gjelde for sjøareal.

Utdrag frå kap. 14:

§ 14-1 Ansvar for samlet planlegging i kystområdene

Planlegging i kystnære land- og sjøarealer skal skje som del av den regionale og kommunale planleggingen (- - -). Staten, fylkeskommunene og kommunene har et felles ansvar for bærekraftig bruk og vern av naturressursene langs kysten. Næringsmessig utnytting, samferdsel, friluftsliv, vern av natur- og kulturmiljø og andre formål skal vurderes mest mulig samlet og langsiktig, og om nødvendig for større områder under ett.

§ 14-2 Kystzoneplan

Kommuner og fylkeskommuner kan utarbeide kystzoneplan for kysten med sjøen ut til grunnlinjen som arealplan, med arealformål, hensynssoner, retningslinjer og bestemmelser etter reglene i denne lov. I 100-metersbeltet langs sjøen gjelder §1-13.

(- - -)

Med samtykke av vedkommende kommune eller fylkeskommune kan statlig eller regional myndighet starte et planarbeid med sikte på vedtak om kystsonoplan som arealplan etter denne lov. (- - -). ”

Det vil vera mogleg å differensiere arealformål i sjø.

§9-7 - Kommuneplanens arealdel og §11-3 Områdeplan:

4. Areal for bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone, herunder vannoverflate, vannsøyle og bunn. Det kan herunder angis underformål for ferdsel, fiske, havbruk, natur- og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon.

Vidare kan kommunen gi føresegner om

” bruk og vern av vassdrag og sjøområde, herunder bestemmelser om bruk av vannflate, vannsøyle og bunn, om områder for fiske, havbruk og annen næringsvirksomhet, herunder lokalisering, og omfang og typer av havbruksanlegg, og om ferdsel. For strandsonen gjelder reglene for LRNF-areal tilsvarende. Bestemmelser som har vesentlig betydning for igangværende virksomhet, kan bare pålegges gjennom områdeplan eller detaljplan. Kommunen kan også gi bestemmelser om praktisering av annen lovgivning som regulerer virksomhet i slike områder så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov, herunder om motorisert ferdsel i vassdrag og på sjøen.” (§ 9-9,4).

Fylkesrådmannen meiner dette er ei stor forbetring i høve til gjeldande lovverk.

Samordning av dei mange lovene vil vere ei forenkling. Administrative grenser i sjø er ofte unaturlege og til hinder for ei effektiv forvaltning. Det er derfor positivt at det leggjast opp til at større område kan sjåast under eitt. Føresegnene gjer det mogleg å differensiere havbruksplanlegging, ulike produksjonsformer og type akvakultur, noko som ikkje kan gjerast i dag.

Utvalet går ikkje inn for at konkrete lokaliseringar av oppdrettsanlegg skal fastleggjast i ein plan etter PBL. Her har utvalet lagt stor vekt på Fiskeridepartementet si fråsegn til delutgreiing 1. Fiskeridepartementet hevdar at det blir for arbeidskrevjande å fastsetje enkeltlokaliteter i ein plan, i forkant av ein konkret søknad. Planlovutvalet syner til at flytande oppdrettsanlegg krev konsesjon etter oppdrettslova og forureiningslova, ikkje etter PBL, og legg til grunn at dette kan halde fram.

Fylkesrådmannen viser til arealkonfliktane som gjerne oppstår ved enkeltlokalitetar. Eg meiner at planlovutvalet er inkonsekvante når dei seier at vanlege krav til arealplanlegging skal gjelde for sjøareal, og samstundes ikkje nyttar høvet gjennom ein revisjon av PBL til nettopp å forhindre konfliktar også på område- eller detaljnivå. I særskilte høve må kommunen kunne krevje at enkeltlokalitetar vert fastsett gjennom område- eller detaljplan.

Kap 15. Samordna vassplanlegging

Ei rekkje lover gjeld for forvaltning av vassressursar.

EU sitt rammedirektiv for vassforvaltning

Føremålet er å gi eit rammeverk som kan tryggja vatn med tanke på kvalitet og kvantitet. Det skal gjelde for vassdrag, grunnvatn og kystnære sjøområde. Det stiller krav om at vassførekomster skal ha god tilstand innan 2015, og at ei heilskapleg og koordinert forvaltning vert etablert. Alt vatn innan eit nedbørfelt skal sjåast under eitt, uavhengig av kommune-, fylkes- eller landegrenser. Naturleg avgrensa vassregioner skal utgjere forvaltningseininga, og for kvar vassregion skal det utarbeidast ein forvaltningsplan, ein vassregionplan, med handlingsprogram. Første vassregionplanar skal fastsetjast innan 2009, og deretter skal nye planar utarbeidast kvart 6. år. Nærare organisering skal avklarast ved implementering av direktivet.

Fleirtalet meiner den beste løysinga er å nytta plansystemet i PBL for samordna vassplanlegging som direktivet krev. Ein konsekvens er etter flertallets syn at kvalitetsmål for vatn og vassdrag helst vert fastsett gjennom planvedtak etter PBL i staden for av vassdragstyresmakten etter vassressurslova § 9.

Forslag til endringar vil gje eit godt verkty for samordna vassressursplanlegging. I rettsleg bindande fylkesdelplan for arealbruk kan det fastleggjast arealbruksformål, hensynssoner, retningslinjer og vedtekter for heile eller delar av eit vassdrag.

Merknad

Fylkesrådmannen er samd med fleirtalet i behovet for samordna vassplanlegging, jf. krava i EUs vassdirektiv om heilskapleg forvaltning av ressursane, og stør forslag om eit eige kapittel i PBL for samordna vassplanlegging.

Fylkesrådmannen er samd med utvalet i at samordna vassplanlegging skal skje som regional planlegging og etter reglane i PBL. Det må vera lokal og regional folkevalt styring med slik planlegging og vedtak om vannbruk for å sikre ei heilskapleg forvaltning av vannressursane.

Fylkesrådmannen vurderer ikkje NVE, som vassdrags- og konsesjonsmyne etter Vannressurslova som best eigna til å sikre slik heilskapleg forvaltning. Vassressurslova gjeld heller ikkje for forvaltning i sjø og fjordar. NVE sin vassdrags- og konsesjonsmynde bør gjelde overordna nasjonale interesser vedrørende vasskraft.

Ved vassplanlegging etter PBL må faglege omsyn sikrast, t.d. ved retningsliner om sakshandsaming og motsegnrett for statlege faginstansar.

Fylkesrådmannen er samd i at vassføring kan handsamast etter PBL der det ikke er i strid med vilkåra i ein gitt konsesjon etter vassdragslovgivinga. I slike høve må det la seg gjera å gi retningsliner eller føresegner om vassføring i vassdrag som inngår i ein plan etter PBL, som grunnlag for vidare planlegging og vedtak i enkeltsaker.

Sektorar med eigne lover og verkemidlar

NOU 2003:14 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven inneheld eit eige kapittel om tema og sektorar med eigne lover og verkemiddel.

Energi

Som del av mandatet til planlovutvalet skulle ein sjå nærare på korleis PBL "kan nyttas og utvikles til å følge opp de nasjonale miljømål blant annet ved målrettet kommunal energi-, varme- og transportplanlegging, og regionale og lokale løysningar som ivaretar hensynet til en mer effektiv og miljøvennlig energibruk".

Slik lovteksten ligg føre er det innført ei sterkare kopling mellom energisektoren og arealplanlegging. I kommuneplanens arealdel vert det opna for ulike "hensynssoner" der ein kan stille nærare krav til infrastruktur for energiløysing. Også i områdeplanar og detaljplanar kan det framgå slike "hensynssoner" der ein kan stille krav om energiform/energiløysingar og tilknytingsplikt. Meininga er å leggje til rette for infrastruktur som gir meir fleksibel energibruk, ikkje å gi pålegg om bruk av spesiell energiform. Forslag om at nybygg skal ha krav om system for bruk av to ulike energikjelder til oppvarming, krav om vassboren varme i nybygg over 500m² og liknande tiltak for å auke energifleksibiliteten i enkeltbygg meiner utvalet er mest aktuelt å ta stilling til i utforming av forskrifter og standardar i samband med PBL og energilova, og ikkje direkte inn i lova.

I første delutgreiing tok ein spesielt opp om vedtak etter særlov skulle gå føre vedtak etter plan- og bygningslova. Særleg er dette aktuelt i større energisaker der ein har krav om konsesjon etter energilova eller vassdragsreguleringslova, og der det har vore ein prosess med konsekvensutgreiing og høyring etter reglane i PBL. Det er i dag ikkje tilstrekkeleg formell avklaring på korleis samordning etter dei to lovverka skal skje, og enkelte saker kan få dobbel handsaming. 5 ulike modellar vart skissert i første delutgreiing. På bakgrunn av diskusjon og høyringsinnspel er det to aktuelle løysingar som står att:

- parallell sakshandsaming etter energilova og plan- og bygningslova med eventuell høve for dispensasjon frå plan
- statleg arealplan etter plan- og bygningslova som erstatning for noverande system.

Det er usemje i utvalet korleis ein skal handtere samordninga med ulike lovverk innen felta energi og vassdrag. I tillegg til forslag som gjer det mogleg å setje detaljerte krav til vassdrag gjennom plan- og bygningslova, føreslår fleirtalet også endringar i anna lovverk, mellom anna i energilova. T.d. vert det fremja forslag om at ein kan slå saman planhandsaming og konsesjonshandsaming slik at om tiltaket

er i samsvar med plan vil det for mindre tiltak ikkje vere trong for eigen konsesjon dersom naudsynte vilkår er fastlagt i planen. Mindretalet ville ikkje fremje endringar i anna lovverk, og ynskjer at detaljar kring vassdrag framleis skal fastsetjast etter særlov.

Vurdering

Det er positivt og viktig at planlegging for effektiv og miljøvenleg energibruk etter lovframlegget vert integrert med generell samfunnsplanlegging i fylke og kommunar. Det har i lang tid vore etterlyst juridiske verkemiddel for kommunane til å styre mot framtidretta energibruk i eigen kommune. I framlegget vert det rom for at kommunane aktivt kan nytte kommuneplan, områdeplan og detaljplaner til gjennomføring av offensiv lokal energipolitikk med fokus på fleksibel og miljøvenleg energibruk.

Utvalet er ikkje samd i korleis samordning med særlovverk innan energi og vassdrag og den nye PBL skal skje. Hovudgrunnen til dette ligg i at ansvarleg mynde etter dei to lovverka er ulikt. Det vert slik indirekte ein kamp om makta skal vere lagt til folkevalt nivå i kommune/fylke (PBL) eller til statleg instans regionalt/nasjonalt (særlov). Også på departementsnivå er det ein drakamp mellom miljøverndepartementet (PBL) og olje- og energidepartementet (særlov).

Mineralske råstoff

Bruk eller vern av mineralske råstoff er eit spørsmål som ofte fører til stor konflikt. Intensjonane i PBL må følgjast om å vurdere dei ulike interessene nokonlunde likeverdige opp mot kvarandre.

Forslag til endringar i lova vil gi eit godt grunnlag for avklaring av rammer for mineralforvaltninga.

På bakgrunn av de mange konfliktfylte sakene vedrørende uttak av mineralske råstoff bør det vurderast om det er behov for nærare presisering av krav til sakshandsaming på lokalt og regionalt nivå vedrørende forvaltning av mineralske ressurser, for eksempel i sentral forskrift. Eit alternativ er å ta krav til sakshandsaming på lokalt og regionalt nivå inn i revisjon av Miljøverndepartementets rundskriv T-5/96 *Mineralske lausmassar. Behandling etter plan- og bygningslova*, evt i et felles rundskriv fra MD/NHD. Fylkesrådmannen meiner ein må leggja opp til koordinering mellom framlegg til ny PBL og framlegg til ny minerallov som nylig har vore på høyring.

Kulturmiljø og kulturminner

Første delutgreiing peikte på at PBL kan utviklast til eit langt betre verkty for vern av kulturmiljø og kulturminner, m.a. med ei samordning med kulturminnelova. Det kommunale nivået bør få eit større ansvar for kulturminnevern, men det føreset nødvendige ressursar og kompetanse. Eit gjennomgåande argument gjeld tidleg avklaring av kulturminneverdiar i planprosessen.

Utvalet framhev kor viktig kulturminne og kulturmiljø er for identitet, aktivitet og næringsverksemd i lokalsamfunnet. Kulturminneforvaltning må får ein naturleg plass i kommunal planlegging og kommunane må få eigna verkemidlar. Kulturminneomsyn må ivareta i overordna planlegging, i kommuneplan og områdeplan for å unngå problem på detaljplan.

Utvalet viser til at kulturminnelova er ei sterk lov som PBL primært skal supplere. Konflikatar er særleg nemnd i samband med at kulturminnestyremaktene kan krevja undersøkingar av moglege automatisk freda kulturminne før eit område kan byggjast ut og kan gjera vedtak om freding for å hindra at ei utbygging skjemmer eller øydelegg viktige kulturminne.

For å styrke kulturminneforvaltninga i høve til planlegging har utvalet fleire framlegg: m.a. at vern av verdifulle landskap og natur og kulturmiljø kjem inn i formålsparagrafen. Utvalet vil ikkje ha kulturmiljøområde som eige arealkategori i kommuneplanens arealdel, men rår til føresegner for å verna kulturmiljøet innafør ulike arealføremål. Slike føresegner kan markerast som hensynssoner i arealdelen. Til spørsmålet om freda kulturminne fortsatt skal frigis gjennom planvedtak, jf. §§ 8 og 9 i kulturminnelova, har Riksantikvaren peika på at dette ikkje skal gjelda for automatisk freda mellomalderbygg. Det burde vore understreka sterkare at frigiving gjennom planvedtak berre gjeld for automatisk freda kulturminne, ikkje for vedtaksfreda kulturminne.

Det er positivt at vern av kulturminne og kulturmiljø vert sterkare understreka i plan og bygningslova og at denne lova, som er kommunane sitt planverktøy, i større grad enn i dag kan gje langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø. Det er problematisk at kommunane gjennomgåande har lite kompetanse på kulturminnefeltet, og det er overlag viktig at databaser til hjelp i arbeidet vert oppdatert og funksjonelle. Vi viser og til at musea i regionane vil kunna bidra med kulturfagleg kompetanse i høve til byggeskikk og estetikk, jfr. ordninga med bygingsvernkyndige på musea. For fylkeskommunen si handsaming av plansaker, er det føremålstenleg med fleire arkeologiske undersøkingar eller i alle høve prognosar på kommuneplannivået for å unngå konflikhtar på detaljplanstadiet. Tidleg kontakt og dialog er gode verkemiddel.

Oppsummering

Forslag til ny planlov er gjennomarbeidd og godt. Det er heilskapleg og vil medverke til ei forenkla, meir fleksibel og meir føreseieleg forvaltning og planlegging. Eg vil særleg trekke fram at politisk styring vert styrka.

For å sikre heilskapen må lovframlegget handsamast under eitt, ikkje splitta opp i separate vedtak. Det er difor viktig at regjeringa snarest får fram ein odelstingsproposisjon, slik at plandelen til PBL kan iverksetjast raskt.

§ 1-9 Konsekvensutgreiing. Det er særleg positivt at konsekvensutgreiingar no vert innarbeidd i planprosessen. Dette vil vera ei stor forenkling.

§1-14 Motsegn og mekling. Her vil eg rå til å stø mindretalsforslaget om at fagstyresmakt som er varsla, men ikkje har ønskt å delta i planarbeidet, mister motsegnretten.

§10-4 Forslag til kommuneplan. Av omsyn til høyringsinstansar som skal handsame fråsegner politisk, vil eg rå til at høyringsfristen vert minimum 8 veker, ikkje 6 veker som utvalet gjer framlegg om.

Kap. 14 Kystzoneplanlegging, §14-2 Kystzoneplan. Eg gjer framlegg om kommunen, i særskilte høve, må kunne krevje at enkeltlokalitetar for oppdrett vert fastsett gjennom område- eller detaljplan.

Kap. 15 Samordnet vannplanlegging, § 15-4 Organsiering av planarbeidet. Eg er samd med utvalet i at samordna vassplanlegging skal skje som regional planlegging og etter reglane i PBL. Det må vera lokal og regional folkevalt styring med slik planlegging og vedtak om vannbruk for å sikre ei heilskapleg forvaltning av vannressursane.